


KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



«Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg!»

(Matt. 28,5-6)





Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITESEID

Telefon: 35 06 81 31

Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
kirken.no/kviteseid



Kyrkjeverje

Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Håkon Heggtveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Sokneprest

Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
prest@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no



Organist

Olav Holm
Mobil: 93 40 11 56
organist@kyrkjetrappa.no



Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar

Bjørn Stian Sigurdslid
Mobil tlf: 97 07 87 71



**Trusopplærar og
kyrkjelydssekretær**
Knut Ove Lofstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil tlf: 99 61 65 26
tru@kyrkjetrappa.no



Prostidiakon

Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsida: Detalj frå takmåleri i Brunkeberg
kyrkje, foto: Øyvind A. Jørgensen.
Utforming og trykk: ETN Grafisk

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648

Vipps: 3850 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

Kor leiter du?

«Kvífor leiter de etter den levande mellom dei døde?» Det var nokre kvinner som kom til Jesu grav for å stella liket hans tidleg påske-dag som fekk dette spørsmålet. I grava fann dei ikkje noko lik, men to menn i skinande klede stilte dei spørsmålet.

Sjølv om dei hadde følgd Jesus i fleire år og brukte pengane sine og tent han på alle måtar, hadde dei ikkje tatt inn over seg at han som dei hadde sett dø, kunne gå levande mellom dei. Dei tenkte å syne sin truskap og omsorg ved å salve den døde kroppen hans. Då dei ikkje fann kroppen hans i grava, lurte dei på kor dei no skulle leite. Men når ein skal leite etter nokon, er det ein fordel å vite mest mogleg om den ein leiter etter. Det er stor skilnad på å leite etter kroppen til ein død mann, og ein som er i levande live. Derfor er det eit viktig spørsmål dei to englevesena stiller: «Kvífor leiter de etter den levande mellom dei døde.»

Eg trur dette spørsmålet passar for mange i dag òg. Leiter du etter Jesus i det heile tatt, og i tilfelle: kor leiter du? Mange avviser det som står i Bibelen fordi det er ei eldgamal bok, eller fordi der finst så mykje framandt frå ei anna tid og ei anna kultur som er vanskeleg å forstå. Andre ser på oss kristne og tenker at vi ikkje følg med i tida. Dei ser på kristne som dødsens kjedelege. Kven skulle tru at ein kunne finne den levande Gud mellom desse bokpermane, eller mellom veike menneske?

Gud overraska alle då han reiste opp sin eigen Son frå dei døde. Difor skal vi ikkje leite mellom dei døde for å finne Han. Jesus lever! Den Gud vi trur på er levande. Han er ikkje ein olding som vil halde oss tilbake i fortida. Han kjem til oss frå framtidia. Men han kjenner oss og vår historie, for han har alltid vært, og har aldri svikta oss. Han er trufast.

«Leit, så skal de finna», sa Jesus. (Matt 7,7) I Jesus vil du finna den levande Gud og oppdaga at han elskar deg, og ønsker ein relasjon til deg frå dag til dag.

Då det demra for kvinnene ved grava at Jesus kunne vere stått opp frå dei døde, løp dei av stad med gledebodskapen til læresveinane. Dei hadde ikkje løpt langt før dei fekk sjå Jesus, den levande, med eigne auge.

Mange bed til Gud, men når du finn han levande, kan du både be og tilbe han. For denne påsketida håpar eg at lovesong og tilbeding kan stige opp frå stadig fleire hus i bygdene våre.

Tekst: Møyfrid Lunde, sokneprest

24. februar: Eitt år etter invasjonen i Ukraina

Samtale med flyktningkonsulent Sigrid Eilevstjønn i Kviteseid

Av: Olav Mosdøl

Etter at Russland invaderte viktige delar av Ukraina 24. februar 2022 har redsel, flukt, mishandling og død vore ein del av dagleglivet for alle ukrainarar. Ingen av oss veit når krigen sluttar, men landet vil trengje hjelp over lang tid. Kviteseid kommune har tatt imot 25 flyktningar i 2022 og har sagt ja til å ta 30 nye i 2023. Kyrkjebladet har fått høve til ein samtale med Sigrid Eilevstjønn, som har vore flyktningkonsulent sidan våren 2022.



Dei ukrainske elevane får undervisning på russisk av Sigrid Eilevstjønn.

F.v.: Anna, Kyrylo og Andril. (Foto: Privat)

– Litt om liv og personleg bakgrunn?

– Eg voks opp i Kviteseid på 1960- og 70-talet og gjekk på forskjellige barneeskular i bygda. Så tok eg Kvitsund gymnas åra 1976-79. Etterpå flytta eg til Oslo og tok bibeltreningskurs før eg byrja på lærarskulen. I 1986 gjekk turen til Sverige og frimenigheten Livets Ord i Uppsala,

som hadde byrja å arbeide med hjelp for jødar som ville emigrere fra Sovjet til Israel. Eg lærte meg russisk, og fra 1994 fekk eg jobb i Moskva som koordinator for «Operasjon Jabotinsky». Difor flytta eg i 1995 til Sochi ved Svartehavet for å hjelpe jødar frå krigsramma område i Kaukasus, til nytt liv i Israel. Etter nokre år i Baltikum gjekk vegen min til Israel i 2008, og eg byrja å studere historie, hebraisk og arabisk på Hebrew University i Jerusalem. Samtidig vart eg engasjert der i halldningsskapande arbeid blant arabiske barn, fortel Sigrid Eilevstjønn.

– Når kom du tilbake til Kviteseid?

– Frå 2012 begynte eg å pendle mellom Kviteseid og Jerusalem, for mor mi blei gammal og klara seg ikkje åleine. Eg fekk arbeid i periodar på KOS, og då mor døydde i 2018 overtok eg barndomsheimen. Fram til korona-perioden reiste eg fram og tilbake til Israel, men så måtte eg seie opp leilegheita der. Vidare blei det fulltidsjobb i kommunen med helse- og omsorgsteneste.

– Kva førde deg inn i flyktningarbeidet her?

– Då Putin starta krigen for fullt i Ukraina 24. februar 2022, ringde venninna mi, Luda, og spurde om ho og familien kunne kome til meg. Slik kom dei 5 fyrste ukrainske flyktningane til Kviteseid den 10. mars. Dei kom i eigen bil frå byen Uman med ca. 90 000 innbyggjarar; den ligg midt i Ukraina, sør for hovudstaden Kyiv. På grunn av at eg kunne russisk, blei eg spurta av kommunedirektøren om eg kunne bli norsklærar for den 14-årige jenta, som hadde kome hit. Etterpå blei det lyst ut stilling som flyktningkonsulent i Kviteseid, og eg fekk jobben.

Heilt sidan Ukraina blei forma som sjølvstendig stat i 1991, og ikkje lenger berre ein republikk i Sovjetunionen, har det vore indre spenningar i landet. På den eine sida har ein dei som ser mot EU og NATO, mens mange i austlege område vender seg til Russland. Krim-krigen kom i 2014, og det store krigsangrepet frå Putin starta vinteren 2022. I dag har meir enn 8 millionar menneske flykta frå Ukraina.

– Korleis vurderer du flyktning-situsjonen no?

– Krigen er forferdeleg, og behova er spesielt store for jenter, kvinner og barn. I september 2022 byrja det altså å kome fleire flyktningar til Kviteseid, og i desember hadde kommunen teke imot 26 personar, 9 barn og 15 vaksne, frå Ukraina. Alle ukrainske flyktningar som har kome til Noreg, har fått kollektiv beskyttelse. Den varer så lenge det er krigstilstand i landet. I januar i år blei flyktningstenesta i Kviteseid styrkt med

ei ny stilling. Princess Tita Dean byrja i 100% jobb som flyktningkoordinator med kontorplass på kommunehuset. Ho tek seg av nødvendig administrativt arbeid, har kontakt med ulike instansar og følgjer opp flyktningar saman med meg.

– Kva inntrykk har du av dei som har kome hit?

– Eg synest at flyktningane som har kome til Kviteseid, har funne seg godt til rette. Dei er takksame for hjelpa dei får, både frå kommunen og privatpersonar. Dei fleste har bakgrunn frå den ortodokse kyrkja, utanom ein eller to som er pinsevener. Den ortodokse kyrkja feirar påske 16. april, altså ei veke etter oss. Påske-morgonen helsar folk kvarandre med orda «Kristus er oppstått». Og så svarar dei: «Ja, han er sanneleg oppstått!». Det verkar som krigen har gjort folk i Ukraina meir religiøse. Mykje bøn blir organisert, særleg for soldatane ved fronten.

– Korleis vil arbeidet gå vidare i 2023?

– Dei fleste av flyktningane som har kome til Kviteseid, kjem frå dei austre delane av Ukraina og har russisk som morsmål. Men ein kan seie at alle ukrainarar er to-språklege. Dei brukar båe språka; av og til også som eit blandings-språk. Det går fint for meg å bruke russisk i arbeidet. Når Kviteseid har svara ja til 30 nye flyktningar i 2023, vil me trengje mange fleire bustader. Me kjem også til å ha bruk for møblar og utstyr til husværa. I tillegg er me mykje takksame om nokon har noko å gje bort. Eller tipsar oss om eit tomt hus eller ledig leilegheit, som me vil ha bruk for, sluttar Sigrid Eilevstjønn.

Språkkafé



I 2020 vart det i Kviteseid busett mange flyktningar frå Ukraina. Fleire lurtre då på kva godt kyrkja kunne gjere for desse. Før jol vart diakoniutvalet i soknet og prostidiakon Eilev Erikstein utfordra til å arrangere ein språkkafé. Den vart på Waldenstrøms kafé den 8. desember med stort frammøte. Diakoniutvalet har mange oppgåver dei er engasjert i og kunne ikkje ta på seg ansvaret for dette vidare. Men det var andre som ivra for dette og kunne halde fram.

30-40 personar har i ettertid gladeleg møtt opp til språkkafé på Misjonshuset i Kviteseid. Der er det god plass, godt kjøkken og leikeplass til borna i kjellar-en. Det er hovudsakeleg ukrainarar, men og folk med fleire andre nasjonalitetar som har budd og arbeidd i Kviteseid i kortare eller lengre tid. Dei som har møtt fram har tydeleg vist og sagt at dei er veldig takknemlege for tiltaket. Ukrainerane kjem rett frå norskopplæringa i Seljord og får servert ei varm suppe med nybakte rundstykke eller noko anna, me-

dan norskkunnskapane blir utvikla ved hjelp av språkkort, fingerspråk, Google translate, russisk og engelsk. Det er ein fryd å vere med! Om lag 10 meir eller mindre norske har vore med kvar gong.

Til no har det vore språkkafé 11. januar, 8. februar og 8. mars. Vidare planlagde treffpunkt er 5. april, 10. mai og 7. juni. Alle gongene kl. 14.30 – 16.30 på Misjonshuset. Viss det kjem fleire som vil vere med og ta ansvar, kan det godt hende dette kan utvidast til annankvar veke.

Arrangørane no er Felleskyrkjeleg foreining i Kviteseid i samarbeid med flyktningforvaltninga i kommunen og Kviteseid Frivilligsentral. Den felleskyrkjelege foreininga er dei same som arrangerer mellom anna Godhetsveka i mai og fellesmøter. Ho er ei samanslutning av Kviteseid pinsemenighet Fredheim, Kviteseid misjonskyrkje Betel, Kviteseid Normisjon Misjonshuset og Kviteseid sokn (kyrkja).

Fire i Kviteseid om påske

Kva planar har dei for påska? Kva tyder påske for dei? Og kva tenkjer dei om oppstoda?



Jon Lindheim (15) år og konfirmant) Kanskje eg skal køyre ski på Haukeli. Eg har jo ein kristen familie, så då blir det gjerne familie-møte der vi pratar om Gud og det som

skjedde i påska. Oppstoda var vel då Jesus sto opp frå dei døde. Det er litt vanskeleg å tru det, men mange ting som er sagt om Jesus er vanskeleg å tru. Han var jo ein som gjorde mirakel. Kristen-domnen er ein stor religion, og då går det an å tru på det òg.



Sigrun Egeland (33) Vi skal først på hytta til svigers oppføre Langlim, og så til Bykle til mine foreldre. Påske har to sider for meg. Det er båltur, pølser, appelsin og tid til

familiehygge. Og det er feiring av livet og den største høgtida i året, den eg kanskje gleder meg mest til. Eg er takknemleg for oppstoda. Den er det eg byggjer livet mitt på. Utan den hadde det ikkje vært nokon grunn til å tru. Oppstoda er kjernen i trua mi.



Liv Grete Eng (76) Eg gleder meg til å få besök av familién min. Påska tyder nesten alt for meg – at Jesus hang på korset for meg. Eg får lov til å komme heim til Jesus når

han kallar på meg. Då er eg trygg. Før vart eg skremd når eg høyrd at Jesus kom att. Men no når eg skjønar det, vonar eg at alle tek si tilflukt til han og er klare til å komme heim til himmelen.



Kjetil Torsdal (85) Vi blir mest heime i Brunkeberg. Nokre av borna og familiene deira kjem på besök. Det kan hende vi tek ein tur på hytta i Vrådal. Vi prøver å komme

til kyrkja så sant ikkje noko spesielt kjem i vegen. Fyrste påskedag er ein gledens dag. Jesus lever, ja, Jesus og oppstoda er det vi har å stole på. Det er godt å ha ein Gud å tru på. Eg kan gå til han og hente styrke i kvardagen. Håpet om det evige liv høyrer med. Eg trur vi skal få samlast i himmelen, men korleis det er der, veit eg ikkje. Det kan ikkje samanliknast med noko her på jorda.

Tårnagenthelg



11. og 12. februar arrangete vi tårnagenthelg for 3. og 4. klassingar.

Agentane møtte opp ved Brunkeberg kyrkje kl. 15.00 på laurdag. Dei fekk då utdela kvart sitt

agentkort som dei sette sitt fingeravtrykk på, samt kvar si lykt. Vi starta med nokre leiker for å øve oss på å vere gode agentar, før agentklokka ringte og fyr-

Tekst: Knut Ove Lofstad, foto: Møyfrid Lunde og Maria Skjæveland

ste oppdrag var i gang. Agentane løyste både oppdrag og mysterium med stor iver og nysgjerrigkeit.

Oppdrag kyrkjetårn var særleg spennande å finne fram til. Kyrkjetenar Håkon Heggtveit var med som kjentmann i tårnet. Han demonstrerte og fortalte om korleis klokka nyttast.

Eit av oppdraga handla om å forberede gudstenesta til sundag. Der song agentane tårnagentsongen: «himmel over livet», og dei viste eit drama til sundagens preiketekst.

Den grøne messehakelen i Vrådal



Som tidlegare meldt kom det for eit par år sidan mus inn i kyrkja og gjordes kade på fleire ting, m.a. den grøne messehakelen som presten ber under nattverd. I fjar vart han

teke med til Gerd Nordahl i Høydalsmo så ho kunne vurdere kva som kunne bli gjort med han. Gerd tok på seg å lage ein kopi. Den er blitt veldig fin og vart teken i bruk i messa den 29. januar i år.

Gerd Nordahl er utdanna barnehagelærar og har jobba i barnehage og skule, men dei siste 20 åra har ho vore sydame på heiltid. Ho tek på seg ulike slag saum,

ikkje minst lagar ho bunader, både til kvinner og menn. Då står ho for heile tilverkingsprosessen.

Korleis har det så vore å lage ein messehakel?

«Det har vore spennande å arbeide med noko anna enn det vanlege. Og så har det vore spesielt å arbeide med eit liturgisk plagg, sidan eg har vore nært knytt til kyrkja gjennom heile livet. Det er fint å tenkje på at messehakelen med dei fine symbola er noko som kyrkjelyden i Vrådal set pris på.

Kyrkjelyden og soknerådet takkar Gerd for godt utført arbeid.

Tekst og foto: Øyvind A. Jørgensen

Frivillig kontingent

I 2022 kom det inn over 50 enkeltgåver på til saman over 46.000 kr gjennom kyrkjebladet.

Tusen takk for di gåve!

Kostnadane for kyrkjebladet same året var på 75.000 kr for trykking og distribusjon av dei 4 nummera.

Vi oppmodar alle som har mulighet til å betale ein frivillig kontingent for året.

Kontingent for 2023: kr 200,- pr husstand

(Det er sjølv sagt frivillig om du vil betala, og kor mykje du vil betala)

Du kan sende over bank til konto **2660.45.14648**. Merk då sendinga med 'Kontingent kyrkjeblad). Du kan også nytta **Vipps til nr 3850**, kategori '**5 Gåve til kyrkjebladet**'. Med bruk av vippes, kan du sjølv aktivere skattefrådrag på alle dine gåver til Kviteseid sokn.



Kvittering Innbetalt til konto 2660.45.14648	Beløp <input type="text"/>	Betalerens kontonummer <input type="text"/>
Betelingsinformasjon		
<input type="checkbox"/> Betalt av	GIRO Underskrift ved girering <input type="text"/>	
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> Betalt til	<input type="checkbox"/>
		Kviteseid sokn Kviteseidgata 13 3850 Kviteseid
Kroner <input type="text"/>	Øre <input type="text"/> < >	Til konto 2660.45.14648

Matteuspasjonen i langfredagsmesset

Gamleorganisten vår, Dagfinn Køhn, har sidan han vart pensjonist i 2019 ikkje berre lege på latsida. I tillegg til å vikariere på orgelkrakkar rundt om, har han særleg vore opptatt av komponisten Johann Sebastian Bach. I vår har han sett i gang eit prosjekt som skal munne ut i ei ekstra innhaldsrik langfredagsmesse i Kviteseid.

- Korleis starta dette, Dagfinn?

- Eg har heile mitt vaksne liv hatt eit forhold til Bachs orgelmusikk. Som gymnasiast og organist i ei lita kyrkje i Farsund var den første kontakten dei såkalla preludia hans. Seinare har eg halde fram og utfordra meg sjølv på større verk. Hausten 2019 drog Ellen Katrine og eg, saman med Sigrid og Geir Valle, på tur til Tyskland og vitja alle dei stadeine der Bach hadde levd, gått på skule og arbeidd. Sidan den gong har eg halde fram med å lese og lytte. Mellom anna har eg lytta mykje til Matteuspasjonen som er eit av dei aller viktigaste verka Bach skreiv, og som er tenkt nettopp til bruk langfredag. For å få betre kjennskap til det – og sidan eg ikkje fann teksten på norsk – sette eg i gang med å omsetje det frå tysk, rett og slett for sjølv å få eit nærare forhold til det.

- Korleis passar innhaldet i Matteuspasjonen saman med vår langfredagsmesse?

- Hovudinnhaldet både i vår langfredagsmesse og i Matteuspasjonen er soga om Jesu liding og krossfesting. Teksten i pasjonen som vert sunge er

henta ordrett frå Bibelen. Men i tillegg dukkar det opp ulike reaksjonar eller refleksjonar på det som hender med Jesus, i form av salmevers og nydikting i form av såkalla resitativ og ariar. Desse ”dikta” har eg omsett eller gjendikta. Salmeversa kjem òg inn enkeltvis der det høver i handlinga. Berre ein dryg tredel av desse har stått i norske salmebøker, så resten har eg òg måtta omsetje.

- Korleis skal dette presenterast i Kviteseid?

- Vi skal ikkje framføre heile Matteuspasjonen. Vi skal som vanleg lese lidingssoga, men denne gongen supplert av dei ulike kommentarane og refleksjonane frå pasjonen. Koralversa vert sunge av ei korgruppe, resitativa og ariane vert lesne. Såleis følgjer vi Matteuspasjonen tekstleg fullt ut frå start til slutt.

- Så det blir på ein måte Matteuspasjonen light, dette?

- Vi kan seie ekstra light, seier gamleorganisten, som til slutt peikar på at dette ikkje blir ein konsert men snarare ei litt uvanleg langfredagsmesse.





BARNAS

Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gjøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Teikning: Chiara Bertelli

Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplene etter at han døde og stod opp att. Dei to biletene er nesten helt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?
Svar: Ruteark

Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
– Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.
– Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.



Sondagsskolen – mer enn du tror

Diverse..

Ny nettside: kyrkja.no/kviteseid

Kviteseid sokn har fått ny nettside. Den vi har hatt i 6-7 år er tungvinn og ikkje lett å oppdatere. No har vi ein standardisert side frå Den norske kyrkja som fleirtalet bruker. Den er oversiktleg og fin, og vi håper den også blir intuitiv og lett å bruka. Den største forskjellen, som mange likevel ikkje ser, er at den har fått universell utforming (UU). Det betyr at blinde og svaksynte faktisk kan bruka nettsida og få lest opp all tekst på sidene, til og med bileta! Dette var frå 1. februar i år eit krav til alle norske offentlege nettsider. Oppplasta dokument vil likevel kunne vera utan UU. Ta gjerne kontakt om du har tilbakemeldingar på utforming og innhald.

Rekneskapsresultat frå 2022

Driftsresultatet vart kr 70.740 i overskot etter omsetning på 5,18. mill. kr. Investeringsrekneskapen viser at kr 35.000 av dei tilgjengelege 1,26 mill. kr ikkje vart bruka. Dei går til auke av investeringsmidlene for 2023. Heile årsrekneskapen kan du lesa på den nye nettsida vår.

Årsmeldinga for 2022

Denne vedtok soknerådet på sitt møte 1. mars. Årsmeldinga vil bli lagt fram for kyrkjelyden på soknemøtet i Kviteeid kyrkje 7. mai, men den ligg allereie ute på nettsida.

Nybygg med solseller

Denne våren vil bårehuset og driftsbygget i Kviteeid få eit tilbygg med eit stort nyt rom på nær 40 m². Det vil få ein allsidig bruk. Vi tenker å nytte det til konfirmantundervisning, sundagsskule, forskjellige utvals-, og komitémøter, kyrkjekaffi og mykje meir. Tilbygget er finansiert av investeringsmidler frå

KVITESEID SOKNERÅD
ÅRSMELDING 2022

Bryllaup i Kviteeid kyrkje. Vår gode medbyggjar sundagsskulen fyller 40 år. Solring Service, tel. 91 50 00 00, gitta seg i Kviteeid i juni 2022 med Ole-Markus Aune Aamussen. Blåst er gjengitt med løpet.

Sakrestiet i Vrådal kyrkje renovert i januar 2022 av våre eigne bygghyttervarar. Spesielt godt inventar ved Hauglid Trever. Alle bilde: Kraken Selheim

kommunen. Vi har hatt lang og god dialog med bispedømekontoret. Det er Statsforvaltaren som fattar endelege vedtak om bygg knytt til kyrkjegardane.

Soknerådet ønskete å legga til rette for solcelle-anlegg. På sitt møte 1. mars vedtok dei å bruka pengar frå disposisjonsfondet for å få realisert integrerte solceller i same byggetrinn. Det er snakk om rundt 200.000 kr ekstra, men vi håper å finne støtte til alt eller deler av dette frå andre kjelder. Solcelleanlegget vil redusere straumforbruket til oppvarming. Bruk av dette rommet til mindre samlingar, vil og spare soknet for mykje utgifter når berre ei mindre gruppe skal samlast.

Ny varme

Første helga i mars var endeleg 100 nye varmemomnar i Kviteeid kyrkje i drift for fyrste gong. Nå kan staben bestille rommet til gudstenest-

er og andre arrangement, og styrings-systemet sørger for at kyrkja er varm i rett tid. Det blir nok litt prøving og kanskje feiling ei tid for å finne god drift. Vi håper sjølv sagt på minst mogleg feil. Dei gamle svarte rør-omnane under benkene, er erstatta med 2-3 nye omnar under kvar benk. Dei varmer ned-

over med infraraud stråling, slik at det i praksis blir golvet som blir varmekjelda. Oppvarmingstida av kyrkja blir redusert frå 2 døgn, til nokre timer. Vi kan og velje å varme opp berre delar av kyrkja. Samla vil dette vonleg gje store innsparingar og ei god varmekjensle. Velkommen til kyrkja!

Kyrkjevalet 2023

10. og 11. september er det igjen tid for kyrkjeval. Kyrkjevalet er eit demokratisk val der ein vel kven som skal styre Den norske kyrkja på forskjellige nivå dei neste fire åra.

Valdagane er som vanleg samtidig som kommunevalet, same tid, og i lokalar i nærleiken.

Kyrkjevalet er to val samstundes. I det eine valet vel vi personar til *soknerådet* lokalt i Kviteseid sokn. I det andre valet vel vi personar til *bispedømmerådet* for Agder og Telemark bispedøme.

Alle som er medlemmer i Den norske kyrkja og er født i 2008 elle tidlegare har stemmerett. I år får du ikkje tilsendt val-kort, så du må sjølv undersøkje om du er medlem viss du er usikker.

Førehandstemming kan skje anten digitalt eller ved framme i tidsrommet 10. august til 6. september. Detaljar vert annonsert mellom anna i neste nummer av kyrkjebladet og på nettsidene våre.

Når dette bladet kjem ut har nominasjonskomitéen for soknerådet i Kviteseid akkurat levert sitt listeforslag. Soknerådet godkjenner vallista på sitt møte 27. april. Vallista og valform vil bli kunngjort kort tid etter.

Det er ikkje for seint! Har du lyst å vere med å bestemme over kyrkja i Kviteseid kommune kan du framleis melde din interesse. Frist for å fremje kandidatar gjennom supplerande nominasjon er 15. mai. Ta kontakt med kyrkjekontoret eller ein i sitjande sokneråd. Alle medlemmer som har fylt 18 år kan stille til val.

Informasjon til veljarar om valet finn du på: kirkevalget.no

Helsing frå Liv Wendel i Nepal:

Dalamu Sherpa



Dei siste vekene har eg hatt gleda av å bli kjend med Dalamu Sherpa, og eg har fått lov til å dele historia hennar. Ho vart lam frå livet og ned i ei fallulukke for to år sidan, men fekk rullestol og hjelp til å greie kvardagen. Heime har ho tre born. Så kom ho til sjukehuset for ei behandling. Då vart det oppdaga at ho var gravid og langt på veg. Eg møt-

te henne på venteheimen for gravide. Dalamu er uvanleg sterk og livsglad og blei eit naturleg midtpunkt der. Magen vokser fint, og eg kunne høre hjarta banka der inne. Mannen hennar var også der når han ikkje måtte plante mais eller sjå til familien og dyra. Det tek tre timer å gå kvar veg. Ein grytidleg morgen ringte han: «Storesyster. Vi har fått ein son!» Fødselen hadde gått fort, men alt gjekk bra. Gleda lyste i andletet til Dalamu då eg kom. To dagar etter reiste dei heim til alt det småbarnstida inneber for dei. Be gjerne for dei, at Gud må velsigne dei og vare dei og at hans andlet må lyse over dei, slik Dalamu sitt lyser over guten sin.

Det er snart påske. Påskemorgon her blir feira på ein stor stein i risåkeren like ved sjukehuset. Seinare på dagen får pasientane frukt og egg. For meg blir det ei spesiell påske, sidan eg får besøk av mor mi og syster mi, Hege, med alle sine. Det blir stor stas å vise dei rundt her, og ikkje minst å dele noko av Nepal med tanteborna mine.

LIVETS GANG

Døypte

Kviteseid:

Ådne Lia Bakken

Torje Bjåland Eikland

Vebjørn Bergland Midtbøen

Vigde

Kviteseid:

Helene Todal og Jon Ståle Moen

Vrådal:

Daria Paszynska og Vemund

Sanden Tørdal

Døde

Brunkeberg:

Arild Bjørnfeld

Kviteseid:

Birger Reino Andresen

Tore Skarprud

Birgit Tveit

Ingrid Tveito

Kari Sofie Råmunddal

Felix Hafskjold Rustad

Ivar Holte

Tjodvor Syftestad

Vrådal:

Signy Heistad

OPPSLAGSTAVLA

Dåp- konfirmasjon – vigsel?

På vår nettside kan du mellom anna melde dåp, konfirmasjon og vigsel: kirken.no/kviteseid

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring Kirsti Skjæveland tlf. 412 64 364.

Besøksteneste

Ønsker du å få besøk av nokon som kan komme jamleg for å prate i lag, gå ein tur, eller anna. Ta kontakt med Kirsti Skjæveland på tlf. 412 64 364.

Soknebod

Har du vanskeleg for å komme til kyrkja og ynskjer å ta imot nattverd i privat heim eller på ein institusjon? Ta kontakt med prest, Møyfrid Lunde mob. 469 07 231 eller med prostidiakon Eilev Erikstein mob. 911 13 580.

Trusopplærings-abonnement

Har du barn som ikkje er medlem i kyrkja, men ynskjer at dei skal få tilbod om trusopplæring tilpassa barnets alder? Dette kan du registrere på kirken.no/minside. Tilboden er ope òg for føresette som ikkje sjølv er medlem.

Føremiddagstreff

26. april kl. 11.00 på Misjonhuset
Sommaravslutning på bygdetunet
– sjå annonse i VTB.

Felles bøn for Kviteseid

Tysdagar: 25. april og 30. mai kl. 18.30
på Misjonshuset

Godhetsveke

8. -12. mai. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du treng hjelp ute eller inne.

Sundagsskulen

Det er sundagsskule i Kviteseid kyrkje samstundes med gudstenesta 9. og 30. april

Misjonhuset, Kviteseid Normisjon

- 02.04. kl. 11.00 Familimøte på Kvitsund i samband med påskeleir palmehelga
- 11.04. kl. 19.30 Tysdagsmøte
- 16.04. kl. 11.00 0-100 med søndagsskule og middag
- 18.04. kl. 19.30 Tysdagsmøte
- 30.04. kl. 17.00 0-100 Familiemøte med kveldsmat på Kvitsund.
Barnegospel syng.
- 14.05. kl. 11.00 Felle gudsteneste i Bryggeparken
- 16.05. kl. 19.30 Tysdagsmøte
- 20.05. kl. 11.00 0-100 Konfirmanthandling
- 28.05. kl. 15.00 Felles middag
 - kl. 17.00 0-100 familiemøte
- 30.05. kl. 19.30 Tysdagsmøte
- 06.06. kl. 19.30 Tysdagsmøte
- 11.06. kl. 17.00 0-100 Nattverdsmøte med kveldsmat
- 13.06. kl. 19.30 Tysdagsmøte
- 18.06. kl. 11.00 0-100 med søndagsskule, sommaravslutning med grilling
- 20.06. kl. 19.30 Tysdagsmøte

RETURADRESSE: KVORKJEKONTORET - KVITESEIDGATA 13, 3850 KVITESEID

Gudstenesteliste

APRIL

Tors 6. Skjærtorsdag

– Matt 26,17-30

Brunkeberg kl. 18.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Takkoffer til Instistutt
for Sjelesorg.

Fred 7. Langfredag

– Matt 26,30-27,50

Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste
med tekstar og musikk frå
Matteuspasjonen. Takkoffer til
kyrkjelydens misjonsprosjekt.

Sun 9. Påskedag

– Luk 24,1-9

Kviteseid kl. 11.00.
Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde.
Vrådal kl. 13.30. Høgtidsgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Offer begge stader går
til kyrkjelydsarbeidet.

Mån 10. 2. påskedag

– Luk 24,13-35

Fjågesund
kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Takkoffer til MF.

Sun 16. Inga gudsteneste.

Sun 23. 3. sundag i påsketida

– Joh 10,11-18

Vrådal kl. 11.00. Gudsteneste. Møyfrid
Lunde. Takkoffer til Søndagsskolen
Telemark krets.

Sun 30. 4. sundag i påsketida

– Joh 16,16-22

Kviteseid kl. 11.00.
Samtalegudsteneste med
konfirmantane. Takkoffer til Norges
Kristelige stud.- og skoleungdomslag.

MAI

Laur 6. Konfirmasjonsgudsteneste

– Joh 15,1-8

Kviteseid kl. 11.00. Møyfrid
Lunde. Takkoffer til kyrkjelydens
trusopplæringsarbeid.

Sun 7. 5. Sundag i påsketida

– Joh 15,1-8

Kviteseid kl. 11.00. Familiegudsteneste.
Møyfrid Lunde. Takkoffer kyrkjelydens
misjonsprosjekt

Sun 14. Felles godhetsmarkering i bryggeparken kl. 11.00.

Ons 17. 17. mai (sjekk annonse i VTB)

– Luk 1,50-53

Kviteseid kl. 11.00.
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Takkoffer til Blå Kors Norge.
Fjågesund kl. 13.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Takkoffer til Kirkens
SOS-Telemark.
Brunkeberg kl. 15.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Takkoffer til
Sjømannskirken.

Tors 18. Helgetorsdag

– Mark 16, 19-20

Vrådal gamle kyrkjegard kl. 11.00.
Friluftsgudsteneste. Møyfrid Lunde.
Takkoffer til MaMa Children.

Sun 21. Inga gudsteneste.

Laur 27.

Konfirmasjonsgudsteneste

– Joh 7,37-39

Brunkeberg kl. 11.00.
Konfirmasjonsgudsteneste.
Vrådal kl. 13.30.

Konfirmasjonsgudsteneste. Møyfrid
Lunde er prest begge stader. Ofr.
Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun 28. Pinsedag – Joh 20,19-23

Kviteseid kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde.
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

JUNI

Sun 4. Treeiningssundag

– Matt 28,16-20

Kviteseid kl. 11.00.
Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde.
Takkoffer til Kvitsundrussens
misjonsprosjekt.

Sun 11. 2. Sundag i treeiningstida

– Matt 3,11-12

Brunkeberg kl. 11.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Sun 18. 3. Sundag i treeiningstida

– Luk 14,15-24

Kviteseid kl. 11.00. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Takkoffer til
kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun 25. Inga gudsteneste